

Jostedal Historielag – Årsmelding for 2012

Årsmøtet vart halde den 1. mars 2012, på Jostedal Hotell.

Val. Einar Blikra, Lars Neset og Olav Stølen vart valt for 2 nye år i styret og Olav Stølen i eit som leiar. Sigbjørg Sperle og Peder Kjervik ønskte å gå ut av boknemnda. Nye vart O. Stølen og K. Ormberg.

Styret og nemnder etter val:

Leiar: Olav Stølen

Kasserar: Aud Fossøy

Sekretær: Oddmund L. Hoel

Styremedlem: Lars Neset

Styremedlem: Einar Blikra

Varamedlemer: Liv Espe og Harald Haugen

Valnemnd: Kristen Ormberg og Åne Elgersma

Revisor: Gunnar Ruud

Tilsyn med Berget: Liv Espe, Lars Neset og Harald Haugen

Tilsyn med Kvernhuset: Alfred Tuften

Tilsyn med Skulehuset: Åne Elgersma

Boknemnd: Olav Stølen og Kristen Ormberg

Årsmeldinga. Den 29. mai var det dugnad i Berget med, mellom anna, å få på plass att den store stabburshella, på nærmare 700 kg. Me fekk også rydde godt opp rundt husi og mykje gammalt bos vart med på Fendten til Kåre Reidar.



Akkurat må det vere!

Hella er nesten på plass.



Han dett vel ikkje ned?

Nå smakar kaffien godt!



Men det veks godt i Berget og om kvelden den 4. september måtte me i gang att med ljà og snel. Me ville ha det fint og ryddig til feiring av Gamle Barsok dagen etter. Me heldt også styremøte den kvelden og hadde invitert Torunn Løne Vinje til å orientere oss om Kulturminnevern. Om ikkje veret var alt for godt, og det var lite kaldt i stova, så vart det ei fin markering av Gamle Barsok. Rømmegrauten smakte særdeles godt, og så underheldt Else Marie Haugen og Arvid Elvekrok oss med vakker «huldremusikk» Leiaren fortalde også litt om Gamle Barsok feiring og om hulder. Så gikk turen heim att, i dusjeregnet og i fin seinsommarstemning, og så fekk «huldrene» ta over i Bergagarden for hausten og vinteren!

Skulehuset. Nokre tre vart slegne inn på huset under stormen Dagmar. Dei fekk Kåre Reidar Åsen og O.S. saga ned den 23. august. Me skar også ned småtre på taket og rydda opp på tomten. Seinare ordna Kåre Reidar med skadde vindskeier og glasruter.

Stadnamnprosjektet. Stadnamn under 800 meter ferdige, og mesteparten er avlevert til Fylkesarkivet. Likeeins er arbeidet med fjellkarti – stadnamn over 800 meter, er nesten ferdige. Me har god dialog med Fylkesarkivet om digitalisering av namna og har fått støtte frå Luster Kommune til den delen.

Rydding av Gamlevegen på austsida av Dalen. «Dagmar» slo mykje stor skog inn over Gamlevegen på strekninga Vigdal-Ormbergstøl, og det var faktisk uframkomeleg. Med støtte i Smil-midlar og dugnad vart vegstrekninga skikkeleg rydda, og det er no fint og trygt å gå.

Arkeologiprojektet. Arkeologane har gått gjennom resten av jordprøvene som vart tekne. 12 av desse er i ein slik stand at dei kan verte analysert – 10 frå Espe og 2 frå Åsen. Dei skal no sendast inn til datering.

Stønad i 2012. Laget har fått stønad frå Luster Sparebank (15.000,- Kr.), frå Luster Kommune (4.500,- Kr.) og frå STL (17.000,- kr.).

Medlemmer. Det er god oppslutning om laget, 40 medlemmer. Av omsyn til å søkje om kommunal stønad måtte me auke kontingenten til 150,- kr.

Bunadskatten. Historielaget har skanna katalogkorta og dei er no tilgjengeleg på nettstaden vår.

Breheimsenteret. Dei kulturhistoriske bruksgjenstandane som gjekk tapt i brannen. Jostedal Historielag tok initiativ til eit møte med leiinga i Breheimsenteret. Dei har no utbetalt erstatning til eigarane av dei mest verdifulle gamle gjenstandane, sjølv om dette ikkje blir dekkja i forsikringsoppgjøret deira.

Andre saker.

Vegsøge. Per Birger Lomheim og leiar held tak i arbeidet, men leiar måtte, i fjor, prioritere arbeidet med Stadnamnprosjektet.

Lokalhistorisk Årbok for Luster. Kristen Ormberg og leiar var med på fellesmøte den 13. mars. Her vart det diskutert om bidrag til ny Årbok.

Naturvernprosjekt. Leiar var med Luster Kommune på studietur til Stranda/Geiranger, Vågå og Valdres i dagane 27. – 29. august.

Møter i styret. Utover årsmøtet har me halde 4 styremøte.

Årsmøtet den 1. mars 2012 vart avslutta med kaffi og lite kveldsmat, og så heldt Oddmund Løkensgard Hoel eit tankevekkande innlegg om: «Kongeleg naudhjelp til Jostedalen. Brevekst og krise i 1740-åra» Det var harde tider det!

Eigen nettstad. Heimesida til Jostedal Historielag feirar **10 års jubileum i år.**

Oddmund L. Hoel er redaktør og adressa er: <http://www.historielaget.jostedal.no>

Jostedal Historielag / Olav Stølen den 1. mars 2013.